

## Årsrapport for vedlikeholdet av FAUN 2016

Faun var på HFS sin slipp i perioden 18/3 – 29/3. I den sammenheng vart fribordet flekkskraft, sparkla og heile fribordet malt. Gullstripa vart fiksa opp. Anodar vart bytta og undervassskroget spylt, laust botnstoff skrapa av så vart skroget grunna og smurt med bunnsmørning.

Venneforeninga gjennomførte også våren 2016 fleire vedlikehaldsamlingar, og mykje godt lakkarbeid vart gjennomført i løpet av våren/tidleg sommar. Mellom anna vart sittebenkane ute (i mahogni) skrapa ned, beisa og lakka. Dørken i cockpiten vart skrapa og malt. Også messingen vart pussa, og båten vaska og klargjort for sesongen. Fartøykonsulent Karsten Mæhl følgde opp vedlikehaldsarbeidet som i all hovudsak vart gjort av medlemmane i venneforeninga.

Foreninga tok seg også av motorvedlikeholdet. Dei sørgja for skifting av filter og skifting av motorolje.

Alle materialkostnadar, og kostnadar knytt til slippsetting , forsikring og oppfølging av vedlikehald og drift vert dekkja av fartøyeigar HFS. Vennelaget går inn med si eiga arbeidskraft og entusiasme. Me er sers glad for den innsatsen vennelaget gjer for Faun.



Venner i arbeid under slippsetting.